



Tysnes kommune brann- og feiarvesen  
Uggdalsvegen 311  
5685 Uggdal

Sakshandsamar:

Julie Marie Andersen, 5557 2355

## Rapport frå inspeksjon ved Tysnes kommune brann- og feiarvesen sine brannøvingsfelt den 6. september 2022

Kontrollnummer: 2022.250.I.SFVL

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*

Torfinn Kongsvik  
Marcus Dalland

*Frå Statsforvaltaren i Vestland:*

Julie Marie Andersen  
Britt Solheim

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved brannøvingsfelt til Tysnes kommune brann- og feiarvesen den 6. september 2022. Rapporten er å sjå på som endeleg, dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 3 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemda sin internkontroll har manglar
- Verksemda har ikkje dokumentasjon på at substitusjonsplikta blir overhalden
- Brannskum med PFAS er lagra lengre enn eit år

Merknader:

- Datablad for kjemikaliar er ikkje tilgjengeleg der kjemikaliane er lagra

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 2 og 3.

Med helsing

Britt Solheim  
senioringeniør

Julie Marie Andersen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til: Tysnes kommune

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> Tysnes kommune Brann- og feiarvesen	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 876830892	<b>Eigd av:</b> 974774119
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 84.250 - Brannvern	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Brannøvingslokalitetar for Tysnes kommune Brann- og feiarvesen	<b>Anleggsnr.:</b> 4616.0055.01
<b>Kommune:</b> Tysnes	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Brannøvingsplass	
<b>Løyve gitt:</b>	<b>Sist endra:</b>

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sin landsdekkande tilsynsaksjon for brannøvingsfelt 2022. Inspeksjonen gjeld dei to kommunale brannøvingsfelt i Tysnes kommune.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48 og produktkontrolllova § 8.

### Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Kjemikal
- Utforming av brannøvingsplassar
- Oppsamling og reinsesystem

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### 3. Oppfølging etter inspeksjonen

Tysnes kommune Brann- og feiarvesen pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 15. desember 2022** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post ([sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)) til Statsforvaltaren i Vestland v/Julie Marie Andersen.

### 4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 28. juni 2022. Verksemda skal betale gebyr for kontroller utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Tysnes kommune brann- og feiarvesen betale eit gebyr på kr 21 000,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

### 5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

### 6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

#### **Avvik 1: Verksemda sin internkontroll har manglar**

**Avvik frå:**

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6, 7 og 8

**Kommentarar til regelverket**

Internkontrollforskrifta gir reglar om kva arbeidet med det systematiske HMS-arbeidet skal omfatte, og kva som skal dokumenterast skriftleg.

*Risikovurderingar for ytre miljø*

I samsvar med § 5 andre ledd punkt 6 i forskrifta må verksemda kartlegge og vurdere risiko for forureining av ytre miljø frå si daglege drift og verksemd. Risikovurderinga skal dokumenterast skriftleg, og omfatte alle aktivitetar som kan føre til forureining. På bakgrunn av risikovurderingane skal det utarbeidast planar og tiltak for å redusere risikotilhøva.

*Rutinar og avvikshandtering*

I samsvar med § 5 andre ledd punkt 7 i forskrifta, pliktar verksemda å iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av lov. Rutinane skal dokumenterast skriftleg.

*Systematisk gjennomgang*

I samsvar med § 5 andre ledd punkt 8 i forskrifta, må verksemda gjennomføre ein systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen, for å sikre at han fungerer som forutsett. Det skal vere skriftleg dokumentert.

**Avviket er basert på følgjande observasjonar:***Punkt 6. Risikovurderingar for ytre miljø*

Det blei opplyst under tilsynet at det ikkje er utført miljørisikovurderingar for verksemda sine øvingsaktivitetar og daglege drift for brannøvingfelt. Dette gjeld mellom anna brannøving i containerar plassert på dyrka mark, utan tett dekke. Vi observerte mellom anna dyrespor i området rundt containerane. Risikovurderingar mangla også på brannøving på asfaltert dekke utanfor brannstasjonen, der det blir øvd på å slokke brann i bil.

Lagring av brannskum med PFAS og andre kjemikaliar på Tysnes brannstasjon, er heller ikkje risikovurdert. Sjå også avvik 3.

*Punkt 7. Rutinar og avvikshandtering*

Skriftlege rutinar for m.a. øvingsaktivitet ved dei ulike øvingsfelt, kjemikaliehandtering, derunder substitusjon av kjemikaliar, avfallshandtering og avvikshandtering, mangla ved tilsynet. Sjå også avvik 2.

*Punkt 8. Systematisk gjennomgang*

Verksemda kunne ved tilsynet ikkje dokumentere at HMS-aktivitetane for ytre miljø som omfattar internkontrollforskrifta § 5 2. ledd punkt 1-7 var implementert i internkontrollen. Ytre miljø som tema må gjennomgåast med jamne mellomrom.

## **Avvik 2: Verksemda har ikkje dokumentasjon på at substitusjonsplikta blir overhalden**

### **Avvik frå:**

- Produktkontrollova §§ 3 og 3 a
- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

### **Kommentarar til regelverket:**

#### *Plikt til aktsemd (produktkontrollova § 3)*

Ved bruk og lagring av helse- og miljøfarlege kjemikalier, må verksemda treffe rimelege tiltak for å førebyggje og avgrense utslepp.

#### *Substitusjonsplikt (produktkontrollova § 3a)*

Dersom verksemda nyttar produkt med innhald av kjemisk stoff, som kan føre til helse- og miljøskade, som mellom anna forureining, avfall, problem med støy, at økosystem blir endra med meir, skal verksemda vurdere om det finst alternativ som medfører mindre risiko for slik verknad. Verksemda skal i så fall velje dette alternativet, dersom det kan skje utan urimelege kostnader eller ulempe. Vurderingane skal vere skriftleg dokumenterte.

#### *Rutinar (Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd, punkt 7)*

I samsvar med § 5 andre ledd punkt 7 i forskrifta skal verksemda ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av lov. Rutinane skal dokumenterast skriftleg.

### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

Verksemda nyttar i dag brannskum, som i følge opplysningar frå leverandør, skal vere lite miljøfarleg. Verksemda har ikkje gjennomført ei sjølvstendig og systematisk gjennomgang av kjemikaliane som vert brukt ved verksemda. Brannskum med PFAS er ikkje lenger i bruk, men det kunne ikkje dokumenterast at substitusjonsvurderingar er gjennomførte for brannskum og andre kjemikalier.

Verksemda manglar også skriftleg rutine for jamlege substitusjonsvurderingar av sløkkemiddel og andre kjemikalier som vert nytta i verksemda.

## **Avvik 3: Brannskum med PFAS er lagra lengre enn eit år**

### **Avvik frå:**

- Forureiningslova § 7
- Avfallsforskrifta § 11-5 Forsvarleg oppbevaring mv. av farleg avfall
- Avfallsforskrifta § 11-8 Leveringsplikt
- Avfallsforskrifta § 11-12 Deklarasjonsplikt

### **Kommentarar til regelverket**

#### *Forureiningslova § 7 Plikt til å unngå forureining*



Paragrafen har krav om at ingen kan ha, gjere eller setje i verk noko som kan føre til forureining, eller fare for forureining.

#### *Avfallsforskrifta § 11-5 Forsvarleg oppbevaring mv. av farleg avfall*

PFAS er klassifisert som reproduksjonsskadeleg og har dermed ei grense for farleg avfall på 0.3 %, jf. vedlegg II i avfallsforskrifta kapittel 11. Brannskum med PFAS, som ikkje er i bruk, er farleg avfall etter § 11-5.

Farleg avfall skal takast hand om på ein forsvarleg måte. Farleg avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall. Ulike typar farleg avfall skal ikkje blandast saman, dersom dette kan føre til fare for forureining, eller skape problem for vidare handtering av avfallet. Alle som oppbevarer, transporterer eller handterer farleg avfall, skal treffe naudsynte tiltak for å unngå fare for forureining eller skade på menneskjer eller dyr.

#### *Avfallsforskrifta § 11-8 Leveringsplikt*

I verksemder der det oppstår farleg avfall, skal avfallet leverast til mottakarar med løyve til handtering av farleg avfall, jf. § 11-8. Verksemder som har leveringsplikt, skal ha skriftleg dokumentasjon om kvar det farlege avfallet er levert. Dokumentasjon skal oppbevarast i minst tre år.

#### *Avfallsforskrifta § 11-12 Deklarasjonsplikt*

Verksemder som leverer farleg avfall skal gi tilstrekkelege opplysningar om kvar avfallet kjem frå, innhald og eigenskapar, slik at den vidare handteringa av avfallet kan skje på forsvarleg vis. Når avfallet vert levert til godkjent mottakar, skal verksemda fylle ut deklarasjonsskjema på [www.avfallsdeklarering.no](http://www.avfallsdeklarering.no). Emballasjen skal vere merka med deklarasjonens løpenummer. Merkinga må tole fysiske og klimatiske påverknadar.

#### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

##### *Leveringsplikt § 11-8*

Brannskum med dokumentert innhald av PFAS, Sthamex AFFF-P 3%, var lagra på 6 - 7 dunkar á 25 liter. Dette brannskummet står på Miljødirektoratet sin liste over brannskum som inneheld PFAS. Det blei opplyst under tilsynet at kjemikalien ikkje lenger er i bruk og skulle ha vore levert som farleg avfall.

##### *Avfallsforskrifta § 11-5*

Både brannskum med PFAS og andre kjemikalier var lagra utan oppsamlingsarrangement på brannstasjonen. Sjå også avvik 1.

## **7. Merknader**

Vi gav følgjande merknader under inspeksjonen:

**Merknad 1: Datablad for kjemikalier var ikkje tilgjengeleg der kjemikaliane er lagra**

**Kommentarar:**

Verksemda har datablad tilgjengeleg for brannskum som vert nytta til øving og i reelle brannar. Datablad var likevel ikkje tilgjengeleg på lagerrom for kjemikaliane.

Generelt bør datablad for aktuelle kjemikaliar vere tilgjengeleg på alle stader der kjemikaliar vert lagra og/eller handtert. Dette for at det skal vere enkelt for alt aktuelt personell å sette seg inn i korleis eventuelt søl eller lekkasjar skal handterast.

**8. Andre forhold**

Brannskum med andre PFAS-sambindingar enn PFOS og PFOA kan nyttast, dersom løyve er gitt etter forureiningslova § 11, sløkkevatnet blir samla opp og brannøvingsplassen har tett dekke, slik at PFAS ikkje blir spreidd til ytre miljø. EU-kommisjonen skal behandle eit separat forslag om restriksjon av bruk av alle typar PFAS i brannskum. Vedtak kan ventast mest sannsynleg i løpet av 2024.

Verksemda brukar ikkje brannskum med PFAS i dag. Brannskummet som er i bruk på brannbiler er RE-HEALING™ RF3, 3% Low Viscosity Foam Concentrate. Det er også i bruk ved øving på å slukke brann i bil ved brannstasjonen. Vi har fått opplyst at andre brannvesen bruker brannteppe ved brann i bil, med godt resultat.

Det blei opplyst under tilsynet at eigar av plassen, der det skjer øving på å slukke brann i bil, har planar om å etablere oljeutskiljar for spyling av bilar på plassen.

Forureiningsforskrifta kapittel 15 regulerar krav til utslepp av oljehaldig avløpsvatn. Kommunen er forureiningsmynde. Kapittel 15 gjeld for utslepp, derunder påslepp av oljehaldig avløpsvatn frå:

- a. Bensinstasjonar
- b. Vaskehall for kjøretøy
- c. Mototverkstadar
- d. Bussterminalar
- e. Verkstadar og klargjeringsentralar for kjøretøy, anleggsmaskiner og skinnegåande materiell, og
- f. Anlegg for understellsbehandling som anten har vaskeplass, smørehall, servicehall eller liknande

Kommunen kan fastsetje vilkår for å motverke at den lovlege forureininga førar til skade eller ulempe, og vilkår som erstattar vilkåra i forureiningsforskrifta § 15-7, derunder krav til utsleppsgrense, utsleppsstad, anordning og djupne, eller nekte etablering av utslepp.

Det er viktig at det blir vurdert korleis utslepp påverkar resipienten. Dette gjeld også vurdering etter krav i vassforskrifta. Utsleppa skal ikkje forringe tilstanden i resipienten. Til dømes er ikkje oljeutskiljar egna reinsennretning for sløkkevatn med PFAS-sambindingar, fordi PFAS følgjer med i vassfasen i avløpet til oljeutskiljaren.



### *Informasjon om nettstaden avfallsdeklarerer.no.*

I mai 2015 blei avfallsdeklarerer.no opna, det nye elektroniske systemet for deklarerer av farleg avfall. Nettstaden er ei elektronisk erstatning for det papirbaserte deklarasjonssystemet for farleg avfall. Les meir på [www.Miljødirektoratet.no](http://www.Miljødirektoratet.no) Der finn de rettleiar og faktaark.

### *Rettleiar om substitusjonsplikt*

Miljødirektoratet har utarbeidd faktaark om substitusjon av kjemikalier. Dei har også ein digital rettleiar om substitusjon: «Veileder – Erstatte farlige kjemikalier (substitusjon)» som ligg på [www.Miljødirektoratet.no](http://www.Miljødirektoratet.no)

### *Rettleiing om drift av oljeutskiljarar*

Miljødirektoratet sitt faktaark M-30/2013 om drift av oljeutskiljarar gjev rettleiing om drift, vedlikehald og kontroll av oljeutskiljarar. Faktaarket er oppdatert pr. april 2018.

Ein oljeutskiljar er ikkje konstruert for å reinse anna enn oljehaldig avløpsvatn. Kjemiske produkt som til dømes avfettingsmiddel, bremsevæske, lakk og løsemiddel, må ikkje førast til oljeutskiljarar.

## **9. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 «Aksomhetsplikt» og 3a «Substitusjonsplikt»
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Forskrift om begrensning i bruk av helse- og miljøfarlige kjemikalier og andre produkter (produktforskriften) §§ 2-9 "PFOS i brannskum" og § 4-1, jf. Forordning (EU) 2019/1021 (Forordning om persistente organiske forbindelser) art. 3

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- HMS datablad for brannskum brukt ved verksemda
- Verksemdas internkontroll